


Reguleringsarbeid i Halsabrotet

07.02.2010



Plangrensen er vist på denne skissa.

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS kunngjør no oppstart av reguleringsarbeid i Halsabrotet i tråd med vedtak i forvaltningskomiteen i fjor vår. Då gav komiteen løyve til oppstart av detaljregulering.

Oppdragsgjevar er Erlend Bjørnebøle og heimelshavarar Bjørnebøle og Magne Huglen. Det heiter i kunngjeringa at føremålet er bustadområde med einebustad og fleirfamiliebustad med tilhøyrande leikeareal med meir. Området er avsett til bustadområde i kommuneplanen.

Heile det aktuelle området er 34 dekar og føremålet er tilretteleggjring for ca. 15 bustader, vart det opplyst då saka vart handsama i komiteen..

Forvaltningskomiteen la ei rekke føringar for det vidare planarbeidet, mellom anna at ein ny adkomstveg skal vurderast nøye og at ein bør utarbeide ein kulturlandskapsvurdering. Anlegg for vatn og kloakk bør dokumenterast og bør vera i tråd med forurensingslova.

Det heitte også at plangrensa burde utvidast fram mot eksisterande byggjeområde i vest og at planen bør visa tilstrekkeleg med fellesareal og leikeplass innanfor planområdet. Vatn- og kloakknett bør vere på plass før bustader i området blir byggjemeldt.

Av Ola Matti Mathisen